



Time kommune
Fagstab oppvekst

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Dato: 02.02.2011
Arkiv: K2-A30, K3-&13, K1-
Vår ref (saksnr.): 10/2229-4
Journalpostid.: 11/2323
Dykkar ref.:

Høringsuttale frå Time kommune - Kulturskuleløftet

LEV-007/11 Vedtak:

*Levekår godkjenner høyringsuttale til rapporten "Kulturskuleløftet – kulturskole for alle".
Høyringsuttalen vert oversendt Kunnskapsdepartementet med følgjande tillegg:*

*For å utvikle kompetansenivået, gjerne kulturskulearbeid meir attraktiv og bidra i det lokale kulturlivet
bør det opprettas stillingar for lokale utøvande distriktskulturarbeidarar i kulturskulen.*

HØYRINGSUTTALE FRÅ TIME KOMMUNE: "KULTURSKOLELØFTET – KULTURSKOLE FOR ALLE"

Innleiing

Time kommune er gjort kjend med "Kulturskoleløftet-kulturskole for alle" og takkar for høve til å komme med høyringsuttale.

Time kulturskule er ei vidareføring av Time musikkskule som vart skipa i 1971. Skulen har i dag om lag 600 elevar fordelt på dei fem fagfelte musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving. Elevane er i alderen 0-16 år. Barn i førskulealder deltek i lag med ein vaksenperson frå heimen. Skulen har samspeltilbod til vaksne med særlege behov.

I perioden 2007-2009 hadde Time kulturskule status som demonstrasjonskulturskule. Skulen deltok mellom anna aktivt i utarbeiding av dokumentet "Kulturskolen – utvikling av de kommunale kulturskolene som gode lokale ressursentre" (Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa, 2010).

Rapporten "Kulturskoleløftet – kulturskule for alle" er eit omfattande, gjennomarbeida og grundig dokument. Time kommune vil kommentere eit utval av innspela/ forslaga som vert drøfta i rapporten. Utvalet vårt er gjort ut frå relevans til eiga kulturskuledrift og kva innspel/ forslag me vurderer som særleg sentrale i rapporten.

Visjonære målsettingar og forventningar

Regjeringa plasserer kulturskulen på den politiske dagsorden både gjennom Soria Moria-erklæring og Kulturløftet 1 og 2. *Alle barn som ønsker det skal få eit godt kvalitetsmessig kulturskuletilbod* er den visjonære målsettinga. Rapporten skaper forventning om eit auka nasjonalt fokus slik at kommunane får nødvendig støtte til å utvikle kulturskulen vidare.

Time kommune støttar dei visjonære målsettingane men påpeiker samstundes at vidareutvikling av kulturskulen er avhengig av auka nasjonal støtte/ stimulering for å nå målsettingane.

Kulturskuletilbod til alle barn som ønsker det

Utvalet legg i rapporten stor vekt på at kulturskulen skal vera eit tilbod til alle barn – uavhengig av familiens inntekt og sosiale/ kulturelle kapital. Det vert peika på ulike tiltak for å nå denne ambisiøse målsettinga. Sentrale tiltak i rapporten er: *Spredning på ulike alderstrinn, bredde i undervisningstilbudet, økonomiske rammevilkår, tilgjengelige tilbod for alle lag av befolkninga, samarbeid med skuleverket/ SFO.*

Time kommune støttar utvalet si målsetting om at kulturskulen skal vere eit tilbod til alle barn uavhengig av økonomisk, sosial-/ kulturell status og bakgrunn. For å oppnå denne målsettinga i kulturskuledrifta er det store utfordringar:

- **Maksimumspris**

Utvalet føreslår å innføre eit maksimumsbeløp for skulepengar.

Time kommune støttar forslaget om maksimumsbeløp, men understreker at maksimumspris ikkje må føre til at færre elevar får tilbod. Kulturskulane må kvalitetssikrast på landsbasis gjennom forutsigbar økonomi, drift, innhald og tilgjenge for alle interesserte til ein rimeleg pris.

- **Ventelister**

Utvalet foreslår å redusere/ fjerne ventelistene på elevplass til kulturskulen.

Ventelistene i Time kommune er i dag for lange. Det må iverksettast tiltak som gjer det mogleg å gje tilbod til alle dei som står i kø for å delta i den unike norske kulturskulen. Ventelistene bør reduserast før ein går inn på nye tunge oppgåver for kulturskulen som t.d. det foreslåtte Sfo-tiltaket.

Det er viktig at kulturskulen får drive både bredde-/ talentopplæring, gruppeundervisning og individuell undervisning. I dag er den enkelte kommune sin økonomiske situasjon avgjerande for kva tilbod kulturskulen kan tilby barn og unge i kunst-/ kulturfag. Dagens økonomiske støtte-/ stimuleringsystemet er for sårbart. Time kommune etterlyser meir forutsigbare statlege ordningar for økonomi/ drift.

- **Kulturskule til 30 % av grunnskuleelevane**

Stortinget har i ei årrekke (sist stadfesta i St.meld.nr.38) hatt ei målsetting om å gje eit kulturskuletilbod til minst 30% av alle elevar i grunnskulealder. Utvalet tek opp igjen denne målsettinga.

Tal for 2010 viser at om lag 14,8 % av alle barn i grunnskulealder i Noreg er elevar i kulturskulen. Tala viser vidare at om lag 25% av alle elevar i grunnskulen står på venteliste til elevplass i kulturskulen.

I Time kommune er situasjonen noko betre. I overkant av 20% av grunnskuleelevane i Time har elevplass i kulturskulen.

Time kommune støttar målsettinga om eit kulturskuletilbod til minimum 30 % av grunnskuleelevane. Dette er ein god mal for dimensjonering av kulturskulane. Det må setjast nasjonale kriterie for kva slags tilbod som skal med i teljing/ statistikk. I dag er dette uklart. Time kommune meiner eksempelvis at eit vekeprosjekt (i løpet skuleåret) til ei gruppe skuleelevar er ikkje å rekne som eit fullverdig kulturskuletilbod.

Kulturskulen som kommunalt ressurscenter

I 1997 vart det lovfesta at *alle kommuner aleine eller i samarbeid med andre kommuner skal ha eit musikk- og kulturskoletilbud til barn og unge*. Dette medførte i mange kommunar ei utvikling frå reine musikkskular til naturlege ressurscenter for både fritidsliv, kulturliv og skule. Utvalet byggjer vidare på målsettinga at kulturskulen skal vera eit ressurscenter for resten av kommunen. Time kommune støttar denne målsettinga.

Kulturskulen skal ikkje berre tilby undervisning i tradisjonell form, men fungere som eit ressurscenter for sfo, grunnskule, barnehage og frivillig kulturliv. Kulturskulen skal oppretthalde tradisjonell undervisning, men samstundes fungere som eit lokalt ressurscenter for kunst og kultur i lokalsamfunnet. Eit ressurscenter fordrar mellom anna godt samarbeid om stillingar/ tilsetingar mellom kulturskule, barnehage, grunnskule, helse-/ aldersinstitusjonar.

Kulturskule som lokalt ressurscenter tilseier at kunst- og kulturfagleg personale naturleg vert tilsett i kulturskulen og samstundes vert administrert av kunstfagleg/ pedagogisk kompetente leiarar.

Fagleg kompetanseutvikling

Utvalet konkluderer i rapporten at det vil være *behov for kompetanseutvidelse og kompetanseheving for mange kulturskoler* for å nå målsettingane.

Time kommune støttar utvalet sin konklusjon. Kulturskulen er ein viktig og attraktiv arbeidsplass som kan skaffe høgt utdanna kunstfagleg pedagogisk personale til lokalsamfunnet. Det er naudsynt at dei tilsette i kulturskulen både har kunstfagleg og pedagogisk kompetanse. Ei framtidig utvikling av kulturskulen bør bety at tilsette i kulturskulen får del i statlege kompetansehevingsmidlar. I dag er desse midlene reservert pedagogisk personale i grunnskulen.

Erfaring med Time kulturskule som ein demonstrasjonskulturskule viser at det er naudsynt med stimulering av utviklingsarbeid i høgskule- og universitetssystemet. Det må utviklast gode utdanningstilbod som kvalifiserer for arbeid i kulturskulen for framtida. Ein robust og framtidsretta kulturskule bør i tillegg syta for gode etter- og vidareutdanningstilbod for tilsette i leiarstillingar.

Bredt, variert og inkluderande tilbod

Utvalet føreslår *en nasjonal standard for en mangfoldig kulturskole, og ... utvikling av et rikt register av tilpassede lokale modeller.*

Vidare føreslår utvalet at kulturskuletilbodet er *tilgjengelige for barn med innvandrerbakgrunn og tilrettelegging for at også barn med spesielle behov kan ta del i og nyte godt av kunstopplevelser, og selv delta i utøvende virksomhet.*

Time kommune støttar utvalet.

Fagtilbodet bør i alle kulturskular utvidast til fleire kunstfag, ikkje berre musikk. Ei utviding skal ikkje gå på bekostning av allereie eksisterande fagtilbod, men kome i tillegg. I større grad enn no bør alle kulturskular arbeide for å gje tilbod til elevar både under og over grunnskulealder.

Kulturskulen kan ha ei sentral rolle i å skapa eit godt lokalt oppvekst- og ungdomsmiljø. Med ei sterkare nasjonal satsing vil kulturskulen på sikt kunna tilby eit allsidig og utvida tilbod for alle aldersgrupper, frå 0-100 år. Eksempel kan vera: grupper for foreldre/ barn, barnehage, grunnskule, sfo, elevar i vidaregåande skule som ikkje vel estetisk linje, vaksne, eldre/ pensjonistar/ institusjonabeboarar.

Økonomi

Utvalet peiker på at allereie avsette stimuleringsmidler i statsbudsjettet 2010 må *ses på som en start på en større opptrappingsplan.* Utvalet drøftar i tillegg to alternative tilskuddsordningar til kommunane:

1. *Utviklingsmidler til kulturskulen (midler tildelt etter søknad)*
2. *Stimuleringsmidler til kulturskulen*

Time kommune støttar i hovudsak utvalet si tilskuddsordning 2 (stimuleringsmidler til kulturskulen). Ordninga er basert på at kommunen opprettheld eigen ressursbruk på same nivå. Kommunar som reduserar eige bidrag vil ikkje motta tilskot.

Ordning med utviklingsmidler kan vera positivt for nytenking og utviklingsarbeid, men forsøksordningar har ofte ein tendens til å forsvinne etter endt tilskuddsperiode. Det vert i tillegg lagt ned mykje administrasjonstid i søknads- og rapporteringsarbeid.

Time kommune meiner ei kvalitetssikra og likeverdig utvikling av kulturskulen ikkje kan basere seg på ei ordning med utviklingsmidler.

Forskrifter

Utvalet føreslår å utarbeide nasjonale forskrifter for kulturskulen. Intensjon er å gje føring/ retning for innhald, kvalitet og volum for kulturskuledrifta.

Time kommune støtter kulturskuleutvalet sitt forslag. Forskrifter kan vera avklarande både med omsyn til dimensjonering av kulturskuletilbod og gje retning for vidare satsing.

Oppsummering

- Rapporten skaper forventning om eit auka nasjonalt fokus slik at kommunane får nødvendig støtte til å utvikle kulturskulen vidare
- Utvalet byggjer rapporten sin på målsettinga at kulturskulen skal vera eit ressurscenter for resten av kommunen. Time kommune støttar denne målsettinga
- Time kommune støttar i hovudsak utvalet si tilskuddsordning 2 (stimuleringsmidler til kulturskulen). Time kommune meiner ei kvalitetssikra og likeverdig utvikling av kulturskulen ikkje kan basere seg på ei ordning med utviklingsmidler
- Time kommune støttar utvalet sitt forslag om å utarbeide nasjonale forskrifter for kulturskulen
- Time kommune etterlyser tydelege statlege ordningar for økonomisk drift av kulturskulane

Rådmannen i Time, den 01.02.2011

Brit Nilsson Edland

Ørjan Daltveit
kommunalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur